



DEN NORSKE KYRKJA

Høyanger Kyrkjelege fellesråd

Marcus Thranes gate 3

6993 HØYANGER

Tlf: 57714100

Høyanger 27.04.2023

Møteprotokoll Høyanger kyrkjelege fellesråd

Møtedato: 27.04.2023

Møtetid: Kl. 10.00 – 12.05

Møtestad: Kommunestyresalen i Høyanger Rådhus

Til stades: Vidar Myren, Sturla Bell Fossen, Kari Henny Dale, Tonje Førde Systad, Torunn Styve, Sissel Sørebo, Frode Merkesvik, Andreas Ester.

Meldt fråfall: May-Wenche Fossmark – vara kunne ikkje møte.

Fråverande: Kenneth Førde.

Kopi av protokollen går til: Veronica Vågen, Lars Petter Amundrud, Ellinor Austreim, Aud Kjersti, Haugen, Rolf Aamot, Monica Sunde Tjønnås, Alf Magnar Svartemyr, Ingunn Østerbo, Toril Bjørkum, Geir Sørebo, Knut Magne Nesse, Petter Sortland, Ørjan Haram, Gerda Otterstein, M Ali Kharrat, postmottak Høyanger kommune.

Sakliste:

Godkjenning av innkalling, sakliste og møtebok

Innkalling, sakliste og møteprotokoll frå siste møte vart godkjent utan merknader.

Meldingssaker:

008 Soknepresten har ordet

Refleksjonar rundt ein detalj i påskefortellingane: Mysteriet at dei ser den oppstadne, men kjenner han ikkje att.

009 Brev til kommunen om utfordringar på Sæbø gravplass.

Utspelet ligg no på kommunen, men viktig at ein følger opp dette tett. Ein må og kome ut med informasjon til allmenta slik at utfordringane blir kjent. Det er tøft for den enkelte som i møte med oss får vite at gravplassen i praksis er full. Vi bør og tenke nytt i høve kremering og eventuelt ei minnelund. Jamfør oppslag om at ein ynskjer å bygge krematorium i Sunnfjord.

010 Revisjonsmeldinga

Fellessrådsleiaren gjekk gjennom revisjonsmeldinga som var klar denne veka. Her kom ikkje fram nye merknader i høve sak 6/23 i møtet 30.03., der ein godkjente rekneskapen med atterhald om at her i endeleg revisjonsrapport ikkje kom andre merknader enn dei som allereie var kjent.

011 Opningstidene til kyrkjekontoret

Kyrkjevevja ynskjer å endre opningstida til tysdag, onsdag, torsdag kl. 10 – 14 og fekk fellesrådet si støtte. Det kom fram ynskje om å gjere kontoret meir synleg og tilgjengeleg.

012 Arbeidsrutinar, avklaring av roller og ansvar

Fellesrådsleiaren innleia med at ein med jamne mellomrom bør gå igjennom arbeidsinstruksar og rollene til dei tilsette. Med mange nye tilsette er det eit godt tidspunkt no. I forkant av dette ynskjer ein å ha ei evaluering av arbeidet slik det er/har vore. Ein brukte aktivt +/-skjema som verktøy. Det vart jobba godt med dette – først i grupper 3 og 3 og avslutta med ei plenumsrunde. Kyrkjevevja tek dette med i det vidare arbeidet.

013 Møte med prosten 4.mai.

Prosten kjem på vitjing til Høyanger kyrkjekontor 4.mai og skal vere med på stabsmøte kl 10.00 og også ha eit møte med soknerådsleiarane kl.14.00

Ymse:

Fellesrådsleiaren informerte kort om desse sakene:

- Møtegodgjeriing for rådsmedlemmer
- Eigenandel for konfirmantar
- Trusopplæringstillinga. Ein har no eit mellombels engasjement i stillinga. I god tid før engasjementet går ut må vegen vidare vere avklart.
- Kantoriet – dette er eit viktig arbeid. Det er fellesrådet sitt ansvar og fellesrådet må tenke gjennom organisering og økonomi for koret.
- Økonomiske prioriteringar frå sokna. Sokneråda må kome med innspel/prioriteringar til budsjettrevisjonen. Jamfør prioriteringane som vart gjort i 2020

Vedtaksaker:

I dette møtet var det ingen saker med vedtak.

Protokoll ført av:

Stig Jonny Fitje

Kyrkjevevje for Høyanger kyrkjelege fellesråd



DEN NORSKE KYRKJA